Sk.mk. 3,72. D. jord 10 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 34 da, prod. skog 75 da, anna utm. 60 da. - Våningshus bygt 1873, omb. 1946, lœ bygt 1929, eldhus, skytje, geitehus, naust. Brt. kr. 12 300. - Beiterett - 4 kyr, 1 ukse, 5 ungdyr, 1 gris, 30 sauер. - Åttegard fra 1857, då Mortein Flatebø kjøpte han av Anders Jonson. Eigaren tok over 1940 etter far sin. Nydyrka 6 dekar.

Eigar: Johannes Flatebø f. 1902 - son av Godtskalk Flatebø og Anna f. Øyre - g. 1935 m. Emelie Bergstø. Born: Gustav f. 1937, Margit 1940, Johan 1943.



### Fossberg

Gnr. 87, bnr. 11. P.adr. Rosendal. Tlf. 90 a.

Sk.m. 1,30. D. jord 20 da (mold), anna jbr.areal 20 da. - Våningshus bygt 1904, lœ 1887, reiskapshus 1958. Brt. kr. 9 000. - 3 kyr, 1 ungdyr, 10 sauер. - Åtta har brukt garden i 4 leder. Eigaren tok over 1937 etter far sin og kjøpte då garden fra Rosendal gods. - Hagebruk.

Eigar: Tørres Fossberg f. 1895 - son av Jens Fossberg og Marianna f. Myklebust - g. 1919 m. Anna Hatteberg. Born: Jens f. 1920, Sigfus 1923, Tørres 1926.





### Fredheim

Gnr. 82, bnr. 52. P.adr. Rosendal. Tlf. 41.

Sk.mk. 0,17. D. jord 3 da (sandbl. mold), anna jbr. areal 10 da, utm. 27 da. – Våningshus bygt 1947, 2 veksthus (245 kv.m.), drivbenkar (80 kv.m.), fyr- og pakkhus. Brt. kr. 118 000. – Ingen husdyr. – Eigaren kjøpte garden 1946 av Sigurd Guddal. – Gartneri. Hagebruk.

Eigar: Odd Hus f. 1922 – son av Johannes Hus og Aletta f. Nes – g. 1947 m. Solveig Laupsa. Born: Torstein f. 1948, Marit 1949, Astrid 1953, Magne 1956.




### Fredheim (Skorpo)

Gnr. 132, bnr. 4. P.adr. Uskedalen. Tlf. 43 c.

Sk.mk. 0,37. D. jord 14 da (mold), utm. 80 da. – Våningshus bygt 1925, løe 1918, skytje 1954, naust. Brt. kr. 45 000. – 3 kyr, 2 ungdyr, 1 gris, 24 høns. – Garden har vore i ætta i 3 leder. Eigaren tok over 1948 etter far sin. – Fruktdyrking.

Eigar: Johannes M. Hauge f. 1900 – son av Mikal Hauge og Sofie f. Skorpen – g. 1930 m. Secelie Fedt. Born: Solveig f. 1933, Kåre Sigmund 1935, Martha 1939.




### Friheim

Gnr. 158, bnr. 1. P.adr. Uskedalen. Tlf. 59 b.

Sk.mk. 0,57. D. jord 30 da (myr- og leirjord), anna jbr. areal 30 da, prod. skog 200 da, anna utm. 100 da. – Våningshus bygt 1908, løe 1916, eldhus 1941. Brt. kr. 80 000. – 1 hest, 5 kyr, 2 ungdyr, 1 gris, 24 geiter, 20 sauher, 8 høns. – Garden har vore i ætta i 3 leder. Eigaren tok over 1959 etter far sin, som hadde nydryka mest all jorda. Plantefelt 20 dekar.

Eigar: John Friheim f. 1919 – son av Bernt Friheim og Bertine f. Sevareide – g. 1955 m. Borghild Døsland. Born: Berit Karin f. 1956, Else Gunn 1958, Bjørg Inga 1960.



### Fugleberg (Bakken)

Gnr. 17, bnr. 1. P.adr. Ølve. Tlf. 86.

Sk.mk. 1,99. D. jord 18 da (mold og myrjord), anna jbr. areal 12 da, prod. skog 180 da, anna utm. 170 da. – Våningshus bygt 1910, driftsbygning 1950. – 1 hest, 5 kyr, 1 ungdyr, 2 grisar. – Gml. ættegard. Eigaren tok over 1945 etter onkelen, Karl Olsen Fugleberg.

Eigar: Einar Hellestveit f. 1911 – son av Arne B. Hellestveit og Kristine f. Kviteberg – g. 1945 m. Cecilie Erdal. Born: Karl Johannes f. 1946, Terje 1949. – Eigaren har ymse tillitsyrke.

## Fugleberg

Gnr. 17, bnr. 2. P.adr. Ølve. Tlf. 23 b.

Sk.mk. 1,99. D. jord 20 da (blandingsjord), prod. skog 200 da, anna utm. 10 da. – Våningshus og lœ bygde 1903, skytje, smie. Brt. kr. 90 000. – 1 hest, 5 kyr, 1 gris. – Bestefar til eigaren, Jakob Fugleberg, kjøpte garden av Ole Ingebrigtsen Tufta. Eigaren tok over 1933 etter broren, Lorents Fugleberg.

Eigar: Ole Fugleberg f. 1895 – son av Ole L. Fugleberg og Rakel Jakobsdtr. f. Fugleberg – g. 1929 m. Anna Gjerstad (d. 1954).




## Fugleberg

Gnr. 17, bnr. 3. P.adr. Ølve. Tlf. 19 a.

Sk.mk. 4,79. D. jord 25 da (mold), anna jbr.areal 25 da, prod. skog 650 da, anna utm. 350 da. – Våningshus bygt 1908, lœ 1924, stabbur, eldhus, skytje, reiskapshus, naust. Brt. kr. 110 000. – 1 hest, 6 kyr, 2 ungdyr, 4 grisar. – Gml. ættegard. Eigaren tok over 1958 etter far sin. Grøfting.

Eigar: Samson Fugleberg f. 1926 – son av Elias Fugleberg og Magda f. Samland – g. 1951 m. Anna Lie. Born: Torunn f. 1952, Egil 1953, Marit 1955, Kjerstin 1956. – Eigaren paktar Tufta øvre, gnr. 16, bnr. 1, av Hans Bugge.




## Fugleberg

Gnr. 17, bnr. 4 og 6. P.adr. Ølve. Tlf. 23 a.

Sk.mk. 5,43. D. jord 22 da (myrjord og mold), anna jbr.areal 20 da, prod. skog 500 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt 1885, lœ 1957, stabbur, eldhus, skytje, naust. Brt. kr. 80 000. – 1 hest, 7 kyr, 2 ungdyr, 1 gris. – Ættegard i 5 leder. Eigaren tok over 1957 etter far sin. Beiterydjing 10 dekar.

Eigar: Haktor Fugleberg f. 1914 – son av John Fugleberg og Olina f. Ulvenes – g. 1955 m. Kari Gjerstad.





## Fugleberg

Gnr. 17, bnr. 5. P.adr. Ølve. Tlf. 22 d.

Sk.mk. 4,71. D. jord 22 da (myr- og sandbl.jord), anna jbr.areal 10 da, prod. skog 650 da, anna utm. 350 da. – Førebuan arbeid med bustadhús, lœ bygdt 1950. Brt. kr. 40 000. – 1 hest, 6 kyr, 3 ungdyr, 3 grisar. – Ættegard frå 1780. Eigaren tok over 1941 etter systera, Gudrun Fugleberg. Nydyrka og grøfta 8 dekar.

Eigar: Elisabet Ljosnes f. 1910 – dotter av Hans Fugleberg og Ingebjørg f. Mo – g. 1941 m. Peder Ljosnes. – Elisabet Ljosnes eig og gnr. 14, bnr. 1, saman med mann sin.





### Furuberg

Gnr. 63, bnr. 1 og 6. P.adr. Ånes.

Tlf. Mauranger 9 c.

Sk.mk. 3,35. D. jord 25 da (mold og sandjord), anna jbr. areal 10 da, prod. skog 500 da, anna utm. 3000 da. – Våningshus bygde 1870 og 1890, ei løe gml., ei bygt 1924, stabbur, eldhus, skytje, sauehus, hønsehus, naust. Brt. kr. 72 000. – 1 hest, 2 kyr, 40 sauher, 12 høns. – Åttegard frå 1743. Eigaren tok over 1954 etter far sin. 170 000 gran- og lerketre planta sidan 1927. – Frukt og bærdyrking. Eige ljosverk. Husmannsplass: Neset.

Eigar: Mortein Furuberg f. 1928 – son av Peder Furuberg og Klara f. Nilsen – g. 1955 m. Svanhild Vikane. Born: Tone f. 1956, Jorun 1958.

### Gausvik

Gnr. 42, bnr. 1. P.adr. Kysnesstrand.

Tlf. Årvik, Kvinnherad 1 b.

Sk.mk. 5,00. D. jord 30 da (sandbl. mold), anna jbr. areal 40 da, prod. skog 250 da, anna utm. 750 da. – Våningshus bygt 1870, påb. 1952, løe bygt 1944, stabbur, skytje, naust. Myrdal sæter. Brt. kr. 93 000. – 1 hest, 4 kyr, 1 ukse, 3 ungdyr, 30 sauher. – Åttegard frå 1735, då Knut Hansson kjøpte han av Johan Galtung. Eigaren tok over 1939 etter far sin.

Eigar: Nils Gausvik f. 1907 – son av Hans K. Gausvik og Anne Kristine f. Aarvik – g. 1944 m. Ragnhild Eide. Born: Anne Kristine f. 1946, Kari Margot 1947, Jorun Helene 1950, Ruth Gunveig 1955.

### Gausvik

Gnr. 42, bnr. 2. P.adr. Kysnesstrand.

Tlf. Årvik, Kvinnherad 1 a.

Sk.mk. 1,45. D. jord 20 da (mold), anna jbr. areal 5 da, prod. skog 75 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt 1864, påb. 1941, løe bygt 1864, stabbur 1912, hønsehus, arbeidshus, smie, naust. Brt. kr. 46 000. – 3 kyr, 1 ungdyr, 2 grisar, 12 sauher, 15 høns. – Åttegard frå 1735, då Knut Hansson kjøpte han av Johan Galtung. Eigaren tok over 1957 etter far sin. Nydyrka 4 dekar. – Frukt-dyrking.

Eigar: Hallvard Gausvik f. 1919 – son av Gitle Gausvik og Anna f. Eikås – g. 1948 m. Gudrun Rødland. Born: Geir Atle f. 1953, Bjarne Martin 1954.

### Geitebu

Gnr. 89, bnr. 9. P.adr. Løfallstrand.

Tlf. Rosendal 114 b.

Sk.mk. 0,89. D. jord 15 da (morenejord), anna jbr. areal 10 da, prod. skog 180 da. – Våningshus bygt 1900, løe 1880, eldhus, naust. Brt. kr. 33 000. – 2 kyr, 1 gris, 5 sauher. – Garden har vore i ætta i 4 leder. Eigaren tok over 1924 etter vermora, Herborg Geitebu. Nydyrkning. – Frukt-dyrking.


Eigar: Berge Årsnes f. 1891 – son av Knut Årsnes og Anna f. Pileteigen – g. 1923 m. Elisabet Geitebu. Born: Herborg f. 1924, Anna 1934.

## Gjerde

Gnr. 32, bnr. 1. P.adr. Hatlestrand. Tlf. 3 b.

Sk.mk. 3,10. D. jord 36 da (myrjord og mold), anna jbr. areal 65 da, utm. 300 da. – Våningshus bygt 1905, uthus og stabbur 1880. Brt. kr. 80 000. – 8 kyr, 2 ungdyr, 2 grisar. – Ætta har brukt garden frå ikr. 1650. Far til eigaren kjøpte han 1932 frå Rosendal gods. Eigaren tok over 1950 etter faren. – Fruktdyrking. Fornfunn.

Eigar: Helge Gjerde f. 1905, son av Erik Olai Gjerde og Brita Olina f. Hauge. – Eigaren har fleire tillitsyrke.



## Gjerde

Gnr. 32, bnr. 2. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 3,00. D. jord 16 da (blandingsjord), anna jbr.-areal 24 da, prod. skog 10 da, anna utm. 75 da. – Våningshus bygt 1870, omb. 1959, lœ og fjøs bygt 1928, stabbur 1910, skytje 1930, eldhus. Brt. kr. 45 000. – 1 hest, 5 kyr, 2 ungdyr. – Ætta har brukt garden i 3 leder frå Godskalk Gjerde bygsla han. Eigaren kjøpte garden 1932 frå Rosendal gods. – Nydyrka 10 da.

Eigar: Johannes Gjerde f. 1904 – son av Lars Gjerde og Anna f. Netland – g. 1947 m. Margrete Netland. Barn: Lars f. 1949.




## Gjerde

Gnr. 58, bnr. 1. P.adr. Mauranger. Tlf. 15 a.

Sk.mk. 3,40. D. jord 15 da (morenejord), anna jbr.-areal 65 da, prod. skog 100 da, anna utm. 1000 da. – Våningshus, eitt bygt 1786, eitt 1936, lœ 1928, stabbur 1588, loft, kvernhus, eldhus, skytje, naust. Brt. kr. 78 000. – 1 hest, 8 kyr, 1 ukse, 5 ungdyr, 2 grisar, 30 geiter, 24 sauvar, 5 høns. – Ættegard frå før 1500. Eigaren tok over 1947 etter far sin. – Gravhaug frå bronsealderen.

Eigar: Godtskalk Gjerde f. 1906 – son av Jakob Gjerde og Åsa Kristine f. Bondhus – g. 1943 m. Anna Gausvik. Born: Åse f. 1944, Kristine 1946, Jorunn 1949, Petra 1953, Jakob 1955.





## Gjerde

Gnr. 58, bnr. 2. P.adr. Mauranger. Tlf. 16 a.

Sk.mk. 0,31. D. jord 5 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 9 da, utm.  $\frac{1}{12}$  part av utm. bnr. 1. (1875). – Våningshus bygt 1876, lœ 1877, nytt fjøs 1935, eldhus, naust. Brt. kr. 40 000. – 2 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 16 geiter, 4 sauvar. – Ættegard frå 1875, då Ole A. Gjerde ruppe han. Eigaren tok over 1955 etter far sin.

Eigar: Olav Eide f. 1921 – son av Mikal Eide og Kari f. Gjerde – g. 1948 m. Signe Flatebø. Born: Kjellaug f. 1948, Anne Grete 1950, Jørgen Mikal 1954.






### Gjerde indre

*Gnr. 73, bnr. 2. P.adr. Løfallstrand. Tlf. Rosendal 113 a.*

Sk.mk. 1,04. D. jord 12 da (blandingsjord), anna jbr.-areal 38 da, utm. 100 da. – Våningshus bygt 1902, lœ og fjøs 1870, eldhus, stabbur, naust. Brt. kr. 35 000. – 2 kyr, 4 sauher. – Far til eigaren bygsla garden frå 1902. Eigaren tok over etter faren 1934 og kjøpte garden same år frå Rosendal gods.

Eigar: Johannes Gjerde f. 1898 – son av Hans Gjerde og Marie f. Vevik – g. 1926 m. Helga Gjerde. Born: Marie f. 1926, Klara 1928, Gerd 1932.




### Gjerde

*Gnr. 87, bnr. 12. P.adr. Rosendal. Tlf. 133 b.*

Sk.mk. 1,50. D. jord 18 da (morenejord), anna jbr.-areal 30 da, prod. skog 10 da, anna utm. 100 da. – Våningshus bygt 1892, lœ 1910, eldhus, fjellhytte. Brt. kr. 47 500. – Fjellbeite. – 1 hest, 5 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 32 sauher. – Ætta har brukt garden frå 1871. Eigaren tok over 1921 etter far sin og kjøpte garden 1938 frå Rosendal gods. Skogplanting 10 dekar.

Eigar: Knut Hatteberg f. 1891 – son av Sigfus Hatteberg og Sella f. Hatteberg – g. 1921 m. Elisabet Hatteberg f. 1899. Born: Sigfus f. 1922, Samson 1924, Kari 1926.




### Gjermundshamn

*Gnr. 39, bnr. 1. P.adr. Hatlestrand. Tlf. 6.*

Sk.mk. 0,59. D. jord 20 da (forvitringsjord), utm. 6 da. – Våningshus bygt 1847, lœ 1921, forretningsbygg 1953, naust. Brt. kr. 86 000. – 3 kyr, 1 ungdyr, 1 gris. – Ætegard frå 1867, då Johannes Egeland kjøpte han av Godtskalk Sundal. Eigaren tok over 1937 etter far sin. – Landhandel.

Eigar: Johannes Egeland f. 1898 – son av Jens Egeland og Marta f. Eikeland – g. 1925 m. Anna Kirkhus. Born: Marta f. 1925, Målfrid 1929, Ingebjørg 1932, Ruth 1934, Jenny 1938. – Eigaren er skipsekspeditør og postopnar.



### Gote

*Gnr. 34, bnr. 1. P.adr. Hatlestrand. Tlf. 7 a.*

Sk.mk. 2,82. D. jord 33 da (blandingsjord), anna jbr.-areal 15 da, prod. skog 300 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt 1903, driftsbygning 1957, eldhus, stabbur, skytje, sjøhus. Brt. kr. 100 000. – 1 hest, 9 kyr, 11 ungdyr, 4 grisar. – Garden har vore i ætta frå 1885, då bestefaren, Hans Gote, gifte seg til garden. Eigaren tok over 1957 etter far sin. – Plantefelt. – Fruktdyrking.

Eigar: Hans Gote f. 1929 – son av Andreas Gote og Hanna f. Hjortland – g. 1953 m. Ragnhild Synnes. Born: Reidar f. 1954, Anne Berit 1956, Torill 1957.

## Grønstøl

Gnr. 149, bnr. 1. P.adr. Sunde. Tlf. 58.

Sk.mk. 2,14. D. jord 25 da (blandingsjord), anna jbr.-areal 35 da, prod. skog 60 da. – Våningshus bygt ikr. 1650, vålt 1907, påb. 1936, løe og fjøs bygt 1900, stabbur 1920, vedhus og verkstad 1937. Brt. kr. 65 000. – 1 hest, 3 kyr, 3 ungdyr, 1 gris, 20 høns. – Far til eigaren kjøpte garden 1907 av Ingeborg Røsslund. Eigaren tok over 1947 etter faren.

Eigar: Bjarne P. Grønstøl f. 1904 – son av Peder B. Grønstøl og Sofie f. Ronglan – g. 1926 m. Ingrid Fjellheim. Born: Sofie f. 1926, Margrethe 1927, Peder 1930, Olaug 1940, Birger 1945.



## Grønstøl

Gnr. 149, bnr. 2. P.adr. Sunde. Tlf. 20.

Sk.mk. 2,13. D. jord 30 da (blandingsjord), anna jbr.-areal 11 da, prod. skog 65 da. – Våningshus bygt 1896, løe og fjøs 1898, påb. 1939, eldhus bygt 1962, uthus. Brt. kr. 96 000. – 1 hest, 5 kyr, 3 ungdyr, 2 grisar, 8 sauher. – Bestefar til eigaren, Knut Grønstøl, kjøpte garden 1907 saman med bror sin. Eigaren tok over 1945 etter far sin.

Eigar: Knut Grønstøl f. 1922 – son av Knut K. Grønstøl og Anna f. Bjelland – g. 1949 m. Jenny Holmedal. Born: Annemor f. 1949, Marit 1953, Liv Katrin 1958.



## Guddal

Gnr. 93, bnr. 1. P.adr. Seimsfoss. Tlf. Rosendal 108.

Sk.mk. 4,27. D. jord 40 da (mold og morenejord), anna jbr. areal 35 da, utm. 250 da. – Våningshus bygt 1900, løe og fjøs 1901, påb. 1946, vedhus bygt 1910. Brt. kr. 102 000. – 2 hestar, 12 kyr, 10 ungdyr, 2 grisar, 80 sauher, 17 høns. – Ætta har brukt garden til 1932, då far til eigaren kjøpte han frå Rosendal gods. Eigaren tok over 1960 etter faren.

Eigar: Torstein Guddal f. 1936 – son av Hans H. Guddal og Marie f. Nes – g. 1961 m. Else Haugland. Barn: Marit f. 1961.



## Guddal

Gnr. 93, bnr. 2. P.adr. Seimsfoss. Tlf. Rosendal 112 b.

Sk.mk. 4,62. D. jord 40 da (moldbl. sand- og myrjord), anna jbr. areal 20 da, prod. skog 300 da, anna utm. 100 da. – Våningshus bygt 1900, driftsbygning 1896, påb. 1953, stabbur bygt 1850, eldhus gml., ved- og vognhus bygt 1900. Brt. kr. 172 000. – Fjellbeite. – 9 kyr, 4 ungdyr, 6 grisar, 15 sauher, 40 høns. – Ætta har brukt garden frå 1600. Eigaren kjøpte han 1932 frå Rosendal gods. – Traktor. Sandtak.

Eigar: Gustav Guddal f. 1895 – son av Johannes Guddal og Olava f. Øvrebust – g. 1922 m. Pauline Naterstad. Born: Olaug f. 1924, Kjellaug 1925, Liv 1927, Ruth 1929, Johanna 1933, Johannes 1937.






### Guddal

*Gnr. 93, bnr. 3. P.adr. Seimsfoss. Tlf. Rosendal 112 a.*

Sk.mk. 5,56. D. jord 40 da (sandbl. mold), anna jbr. areal 40 da, prod. skog 130 da, anna utm. 70 da. – Våningshus bygt 1880, driftsbygning 1906, vognhus 1911, eldhus 1916. Brt. kr. 63 000. – 1 hest, 7 kyr, 3 ungdyr, 4 grisar, 23 sauер, 15 høns. – Ætta har brukt garden fra 1600. Eigaren kjøpte han 1957 fra Rosendal gods.

Eigar: Torbjørn Guddal f. 1925, son av Jens J. Guddal og Lovise f. Galanten.



### Guddal

*Gnr. 93, bnr. 4. P.adr. Seimsfoss. Tlf. Rosendal 109.*

Sk.mk. 3,24. D. jord 35 da (mold), anna jbr. areal 30 da, prod. skog 40 da, anna utm. 60 da. – Våningshus bygt 1899, driftsbygning 1898, vedhus 1949, eldhus 1907. Brt. kr. 104 000. – Fjellbeite. – 1 hest, 7 kyr, 2 ungdyr, 3 grisar, 16 sauер, 50 høns. – Ætta har brukt garden fra 1875. Eigaren kjøpte han 1932 fra Rosendal gods.

Eigar: Gotskalk Guddal f. 1900 – son av Olav H. Guddal og Kristianna f. Guddal – g. 1934 m. Marta Lyhammar. Born: Olav f. 1935, Marit 1937, Klara 1944, Alvild 1946.



### Guddal

*Gnr. 93, bnr. 5. P.adr. Seimsfoss.*

Sk.mk. 3,41. D. jord 52 da (mold og morenejord), anna jbr. areal 100 da. – Våningshus bygt 1878, løe og fjøs 1870. Brt. kr. 15 000. – 1 hest, 6 kyr, 1 ukse, 1 ungdyr, 10 sauер. – Eigaren kjøpte garden 1933 fra Rosendal gods.

Eigar til 1962: Johan Storækre f. 1890, son av Jens Storækre og Hanna f. Guddal.

Eigar fra 1962: Godtfred Pile f. 1923, systerson av førre eigaren.



### Guddal

*Gnr. 93, bnr. 6. P.adr. Seimsfoss. Tlf. Rosendal 110 b.*

Sk.mk. 2,56. D. jord 50 da (mold), anna jbr. areal 10 da, prod. skog 50 da, anna utm. 40 da. – Våningshus bygt 1897, driftsbygning 1898, påb. 1920 og 1934, stabbur bygt 1931, vedhus 1906, eldhus 1918. Brt. kr. 70 000. – Fjellbeite. – 1 hest, 8 kyr, 2 ungdyr, 3 grisar, 20 sauер, 30 høns. – Ætta har brukt garden fra 1892, då Jens Guddal bygsla han fra Rosendal gods. Eigaren tok over 1938 etter verbroren, Johannes J. Guddal.

Eigar: Paul Haugland f. 1889 – son av Lars Haugland og Helga f. Haugland – g. 1923 m. Inger Guddal. Born: Helga f. 1924, Johan 1926, Marie 1928 (d. 1946), Leif 1930, Liv 1932.

## Guddal

*Gnr. 93, bnr. 7. P.adr. Seimsfoss.*

Sk.mk. 3,15. D. jord 55 da (mold og morenejord), anna jbr. areal 20 da, utm. 500 da. – Våningshus bygt 1897, løe og fjøs 1898, eldhus og skytje ikr. 1890. Brt. kr. 94 000. – 1 hest, 7 kyr, 3 ungdyr, 3 grisar, 15 sauher, 24 høns. – Jorda har vore bygsla, dei siste 15 år pakta, sist av Johannes H. Guddal. Eigaren kjøpte garden 1961 av Einride Fosheim.

Eigar: Per Ljostveit f. 1929 – son av Olav Ljostveit og Hilda f. Seglen – g. 1958 m. Marta Guddal. Born: Olav f. 1959, Margrete 1961, Terje 1963.




## Guddal

*Gnr. 93, bnr. 8. P.adr. Seimsfoss. Tlf. Rosendal 110 a.*

Sk.mk. 0,84. D. jord 12 da (myrjord), anna jbr. areal 30 da, prod. skog 50 da. – Våningshus og løe bygde 1900, eldhus. Brt. kr. 34 000. – 3 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 9 sauher. – Ætta har brukt garden i 3 leder. Eigaren kjøpte han 1933 fra Rosendal gods.

Eigar: Tørres Guddal f. 1902 – son av Helge Guddal og Åse f. Rød – g. 1930 m. Bergny Hauge. Born: Aslaug f. 1930, Harald 1935, Bjarne 1943, Magne 1950.



## Guddal (Nybrotet)

*Gnr. 93, bnr. 14. P.adr. Seimsfoss.*

Sk.mk. 0,26. D. jord 5 da (mold), prod. skog 2 da, anna utm. 10 da. – Våningshus og løe bygde 1940. Brt. kr. 10 000. – 10 sauher. – Eigaren kjøpte garden 1938 av broren, Johannes J. Guddal.

Eigar: Oskar Guddal f. 1906, son av Jens J. Guddal og Mari f. Berge. – Eigaren er assistent ved Kvinnherad trygdekasse.




## Hamarhaug

*Gnr. 156, bnr. 1. P.adr. Vikane i Sunnhordland. Tlf. 9 b.*

Sk.mk. 1,70. D. jord 46 da (myr- og aurjord), prod. skog 250 da, anna utm. 100 da. – Våningshus, løe, skytje og verkstad bygde 1910, hønsehus bygt 1935, sumarfjøs, naust m. kai. Brt. kr. 73 600. – 1 hest, 7 kyr, 1 ukse, 3 ungdyr, 2 grisar, 100 høns. – Far til eigaren kjøpte garden 1914 av Johan Nes. Eigaren tok over 1948 etter faren. Nydyrka 30 dekar. Grøfting. Skogplantefelt 25 dekar.

Eigar: Trygve Presthus f. 1914 – son av Ole Presthus og Sigrid f. Lønning – g. m. Gerd Arntsen. Barn: Atle f. 1945.





### Hamarhaug (Gjersheim)

Gnr. 156, bnr. 2. P.adr. Vikane i Sunnhordland.  
Tlf. Ølve 515.

Sk.mk. 0,77. D. jord 20 da (sandbl. mold), utm. 50 da. – Våningshus, eitt bygt 1910, eitt 1923, løe ikr. 1890, eldhus, naust. Brt. kr. 65 000. – 3 kyr, 1 gris, 50 høns. – Bestefar til eigaren, Engel E. Gjersheim, kjøpte garden 1890. Eigaren tok over 1949 etter far sin.

Eigar: lærar Eilert Gersheim f. 1918 – son av Engel Gjersheim og Ingeborg f. Nerhus – g. 1950 m. Ingrid Kaasa. Barn: Åse Kristine f. 1951.



### Hamarhaug

Gnr. 156, bnr. 13. P.adr. Vikane i Sunnhordland.

Sk.mk. 0,79. D. jord 14 da (mold), anna jbr. areal 5 da, utm. 40 da. – Våningshus bygt 1915, løe 1920, verkstad m. skytje, hønsehus, sumarfjøs. Brt. kr. 45 000. – 2 kyr, 1 gris. – Far til eigaren kjøpte garden 1909. Eigaren tok over 1950 etter faren.

Eigar: Josef Nes f. 1922, son av Johan Nes og Marta f. Revheim.

### Hamarhaug nordre

Gnr. 156, bnr. 10. P.adr. Vikane i Sunnhordland.  
Tlf. 9 b.

Sk.mk. 1,89. D. jord 30 da (myrjord og mold), anna jbr. areal 15 da, prod. skog 70 da, anna utm. 30 da. – Våningshus bygt 1910, løe 1911, skytje m. verkstad, hønsehus. Brt. kr. 55 000. – 1 hest, 6 kyr, 2 ungdyr, 1 gris. – Morbror til eigarane, Hans Aarra, kjøpte garden 1933 av Martin Kvernenes. Eigarane tok over 1940 etter morbroren. Nydyrka 12 dekar etter 1933.

Eigarar: Kristen og Einar Iden.


Bruk: Hans Aarra f. 1893, son av Olai Aarra og Borni f. Bolstad.

### Hatteberg

Gnr. 87, bnr. 2. P.adr. Rosendal. Tlf. 70 a.

Sk.mk. 4,10. D. jord 45 da (morenejord), anna jbr. areal 35 da, prod. skog 40 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt 1894, løe 1903, stabbur 1825, ved- og lagerhus 1905. Bjørndal sæter. Brt. kr. 140 000. – 1 hest, 13 kyr, 1 ukse, 8 ungdyr, 13 grisar, 46 sau. – Bestefar til eigaren, Sigfus J. Mehl, kjøpte garden 1889. Eigaren tok over 1946 etter far sin. – Fornfunn.

Eigar: Sigurd Hatteberg f. 1910 – son av Johannes Hatteberg og Kristi f. Hatteberg – g. 1939 m. Gunhild Eik. Born: Kirsten Johanna f. 1940, Gerd Elin 1942, Ludvik 1944 (d. 1945), Liv 1945, Tore Johannes 1949, Gro 1952, Rune 1954.




## Hatteberg

Gnr. 87, bnr. 3. P.adr. Rosendal. Tlf. 70 b.

Sk.mk. 4,03. D. jord 40 da (skred- og morenjord), anna jbr. areal 55 da, prod. skog 8 da, anna utm. 300 da. – Våningshus bygt 1889, eldhus 1847, løe 1902, grisehus 1935, skytje 1912. Bjørndal sæter. Brt. kr. 136 700. – Fjellbeite. – 1 hest, 1 ku, 15 ungdyr, 4 grisar, 50 sau, 200 høns. – Eigaren kjøpte garden 1958 av Johannes J. Hatteberg. Gnr. 85, bnr. 26 kjøpt attåt.

Eigar: Lars Mehl f. 1917 – son av Sigfus Mehl og Brita f. Skåluren – g. 1948 m. Helga Eskeland. Born: Hildegunn f. 1949, Sigfus 1951, Gaute 1953. – Lars Mehl eig og ein halvpart i Grønestøl, gnr. 87, bnr. 6 og 17. Han er fylkesagronom i Hordaland.




## Hatteberg

Gnr. 87, bnr. 4. P.adr. Rosendal. Tlf. 133 a.

Sk.mk. 4,19. D. jord 45 da (skred- og morenjord), anna jbr. areal 70 da, prod. skog 200 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt 1898, løe 1949, eldhus. – Bjørndal sæter. Brt. kr. 62 000. – 10 kyr, 2 uksar, 3 ungdyr, 1 gris, 26 sau. – Ætta har brukt garden frå ikr. 1650. Eigaren tok over 1937 etter bestefaren, Jens S. Hatteberg, og kjøpte då garden frå Rosendal gods. Nydyrka 16 dekar sidan 1937. – Fornfunn: steingryte.

Eigar: Jens Klette f. 1926, son av Johan Klette og Signe f. Hatteberg.




## Hauge

Gnr. 40, bnr. 1. P.adr. Hatlestrand. Tlf. 13 a.

Sk.mk. 3,21. D. jord 37 da (forvitningsjord), anna jbr.-areal 15 da, prod. skog 300 da, anna utm. 300 da. – Våningshus, eitt gml., eitt bygt 1957, løe 1907, skytje. Brt. kr. 79 800. – 1 hest, 5 kyr, 4 ungdyr. – Gml. ættegard. Eigaren tok over 1937 etter far sin. Skogplanting.

Eigar: Olav B. Hauge f. 1904 – son av Brynjulf Hauge og Anne Margrete f. Øvsthus – g. 1928 m. Anna Ask. Born: Margrete f. 1928 (d.), Brynjulf 1929, Anna Margrete 1932, Else Johanne 1935, Astrid 1938, Arne Olai 1942, Berit Alise 1944, Liv 1952.




## Hauge

Gnr. 40, bnr. 3. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 3,39. D. jord 30 da (sandbl. mold og myrjord), anna jbr. areal 8 da, prod. skog 40 da, utm. om lag 60 da. – Våningshus bygt 1914, løe og fjøs 1880, flytt 1909, vedhus og reiskapshus bygde 1952. Brt. kr. 100 000. – 1 hest, 6 kyr, 1 ungdyr. – Garden har vore i ætta fleire hundre år. Eigaren tok over 1922 etter far sin. – Nydyrkning.

Eigar: Kristian Hauge f. 1896 – son av Brynjulf H. Hauge og Marta f. Storedale – g. 1940 m. Guro Hjortland.





### Haugen

Gnr. 51, bnr. 2. P.adr. Mauranger. Tlf. 114.

Sk.mk. 0,81. D. jord 13 da (myrjord og mold), anna jbr. areal 15 da, prod. skog 100 da, anna utm. 75 da. – Våningshus bygt 1899, løe 1942, naust. Brt. kr. 7 000. – 2 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 15 sauher. – Garden har vore i ætta i 3 leder, fra Ola Haugen ruppe han. Eigaren tok over 1931 etter verfaren, Johan Mehus. Eigaren har nydyrka 4 dekar.

Eigar: Olav Solheim f. 1894 – son av Ole Solheim og Kristi f. Bondhus – g. 1921 m. Hanna Mehus. Born: Olav f. 1921, Johan 1923, Samson 1925.



### Haugland

Gnr. 125, bnr. 1. P.adr. Uskedalen. Tlf. 29 a.

Sk.mk. 2,41. D. jord 42 da (mold og morenejord), utm. 500 da. – Våningshus bygt ikr. 1850, påb. 1937, løe og fjøs bygt ikr. 1850, skytje. Brt. kr. 48 000. – Ålmennings- og fiskerett. – 1 hest, 7 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 6 sauher, 15 høns. – Far til eigaren kjøpte garden 1900 av Knut Hansen Haugland. Eigaren tok over 1937 etter faren. – Nydyrkning. – Plantefelt. – Fornfunn: Gravhaug frå ikr. 700.

Eigar: Ivar Haugland f. 1897 – son av Abel Haugland og Anna f. Skeie – g. 1925 m. Anna Heggernes. Born: Annlaug f. 1927, Hildur 1931, Bjørg 1936.




### Haugland

Gnr. 125, bnr. 3. P.adr. Uskedalen. Tlf. 29 c.

D. jord 8 da (sandbl. mold), anna jbr. areal 4 da, prod. skog 20 da. – Våningshus bygt 1930, løe 1932, skytje, verkstad. Brt. kr. 55 000. – 4 kyr, 1 gris, 40 høns. – Garden har vore i ætta i 3 leder, fra Lars Haugland kjøpte han. Eigaren tok over 1925, då jorda vart skilt frå fars-garden.

Eigar: Sigurd Haugland f. 1903, son av Lars L. Haugland og Helga f. Haugland.



### Haugland

Gnr. 125, bnr. 4 og 18. P.adr. Uskedalen. Tlf. 29 b.

Sk.mk. 2,40. D. jord 40 da (mold og morenejord), anna jbr. areal 40 da, prod. skog 45 da, anna utm. 10 da. – Våningshus, eitt bygt 1895, omb. 1952, eitt bygt 1910, løe 1952, skytje. Brt. kr. 85 000. – 8 kyr, 4 ungdyr, 5 grisar, 15 sauher, 50 høns. – Ættegard frå 1876, då Nils N. Haugland kjøpte han av Brigt Olavsen. Eigaren tok over 1941 etter far sin. Nydyrka 35 dekar etter 1923. Plantefelt 25 dekar.

Eigar: Leif Haugland f. 1918 – son av Lars N. Haugland og Josefine f. Marthinsen – g. 1941 m. Margit Myklebust.

## Haugland

Gnr. 125, bnr. 5. P.adr. Uskedalen. Tlf. 28 a.

Sk.mk. 0,93. D. jord 24 da (sandbl. mold og myrjord), anna jbr. areal 28 da, prod. skog 35 da, anna utm. 136 da. – Våningshus bygt 1919, lœ 1938, skytje 1938. Brt. kr. 70 000. – 1 hest, 5 kyr, 2 ungdyr, 1 gris, 5 sauier. – Far til eigaren kjøpte garden 1888 av Gjert Fjellandsbø. Eigaren tok over 1910 etter faren. Nydyrka 21 dekar.

Eigar: Johannes Wang f. 1885 – son av Tomas J. Haugland og Bolette f. Skaga – g. 1909 m. Sella Stensletten. Born: Tomas f. 1910, Jon 1912, Lars 1914, Solveig 1917, Alfred 1919, Sigurd 1922, Fridtjof 1925, Sverre 1928.

– Eigaren har vore med i heradsstyret i 30 år og har hatt ymse tillitsyrke.




## Haugland

Gnr. 125, bnr. 6. P.adr. Uskedalen. Tlf. 29 d.

Sk.mk. 2,03. D. jord 20 da (sandjord), anna jbr. areal 10 da, prod. skog 40 da, anna utm. 40 da. – Våningshus bygt 1895, 2 lœr, ei gml., ei bygt 1938. Brt. kr. 60 000. 4 kyr, 1 ukse, 5 ungdyr, 4 grisar. – Far til eigaren kjøpte garden 1908 av Søren Haugland. Eigaren tok over 1943 etter faren. Nydyrka 20 dekar. Skogplantefelt 40 dekar.

Eigar: Sivert Raudstein f. 1914 – son av Andreas Raudstein og Nilla f. Haugland – g. 1942 m. Marta Siglevik. Born: Nils Magnus f. 1943, Anne Marie 1945, Astrid 1947, Else og Bjørg 1952.




## Haugland (Klammeren)

Gnr. 125, bnr. 10. P.adr. Uskedalen. Tlf. 57 a.

Sk.mk. 0,51. D. jord 12 da (mold og myrjord), anna jbr. areal 5 da, prod. skog 20 da, anna utm. 30 da. – Våningshus omb. 1900, lœ bygt 1931, eldhus. Brt. kr. 52 000. – 3 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 10 høns. – Garden har vore i ætta i 5 leder. Eigaren tok over 1957 etter far sin. Plantefelt 15 dekar. – Eige kraftverk.

Eigar: Hans Haugland f. 1920 – son av Kristoffer Haugland og Maren f. Feet – g. 1951 m. Erna Skjelnes. Born: Kjell Magne f. 1952, Målfrid 1954, Solbjørg 1957.



## Haugland

Gnr. 125, bnr. 12. P.adr. Uskedalen. Tlf. 27 c.

Sk.mk. 1,25. D. jord 45 da (morene- og myrjord), anna jbr. areal 30 da, prod. skog 150 da, anna utm. 149 da. – Våningshus og lœ bygde 1901, sumarfjøs. Brt. kr. 35 000. – 5 kyr, 2 ungdyr, 1 gris. – Gml. ættegard. Eigaren tok over 1939 då mannen hennar døydde. Nydyrka 27 dekar etter 1945. Skogplantefelt 70 dekar.

Eigar: Marta Eide, mor til brukaren.

Bruk: Knut Eide f. 1913 – son av Olav Eide og Marta f. Haugland – g. 1949 m. Margit Ljosnes. Born: Olga Marie f. 1949, Arvid Johannes 1952, Knut 1957.






### Haugland

Gnr. 125, bnr. 13. P.adr. Uskedalen.

Sk.mk. 1,23. D. jord om lag 33 da (mold, myr- og morenejord), utm. 300 da. – Våningshus bygt 1933, gml. lœ og fjøs. Brt. kr. 12 000. – Ålmennings- og fiskerett. – 3 geiter, 18 sauher. – Gamal ættegard. Eigaren tok over garden 1930 etter far sin.

Eigar: Anders Haugland f. 1888, son av Anders Haugland og Gislaug f. Larsen.




### Haugland

Gnr. 125, bnr. 14. P.adr. Uskedalen. Tlf. 27.

Sk.mk. 2,78. D. jord 45 da (mold og morenjord), prod. skog 500 da, anna utm. 700 da. – Våningshus bygt 1903, lœ og fjøs 1902, omb. 1946, stabbur 1940, arbeids- og reiskapshus bygde 1904 og 1947, sumarfjøs. Brt. kr. 200 000. – Ålmennings- og fiskerett. – 2 hestar, 9 kyr, 2 ungdyr, 3 grisar, 4 sauher, 100 høns, 4 ender. – Far til eigaren kjøpte garden 1900 av Abel Haugland. Eigaren tok over 1922 etter faren. – Plantefelt. – Nydyrkning.

Eigar: Lars P. Haugland f. 1900 – son av Pål Haugland og Berta f. Rød – g. 1945 m. Kari Bringedal. Born: Pål f. 1946, Målfrid 1947. – Eigaren er skogreisingsleiar i Kvinnherad.



### Haugland

Gnr. 125, bnr. 15. P.adr. Uskedalen. Tlf. 27 a.

Sk.mk. 3,13. D. jord 60 da (myr- og morenjord), anna jbr. areal 50 da, prod. skog 40 da, anna utm. 300 da. – Våningshus bygt 1919, kårhushus 1955, lœ 1905, omb. 1948, sauehus bygt 1923, skytje, eldhush. Brt. kr. 100 000. – 1 hest, 9 kyr, 4 ungdyr, 7 grisar, 35 sauher, 70 høns. – Åttegard frå 1792. Eigaren tok over 1936 etter far sin. Nydyrka 30 dekar. Plantefelt 40 dekar.

Eigar: Andreas T. Haugland f. 1898 – son av Thomas A. Haugland og Synneva f. Haugland – g. 1928 m. Marie Døssland. Born: Trygve Sigvald f. 1928, Ingri Karina 1932, Aslaug Marie 1936, Else Marit 1939, Gunnvor 1941, Arne Terje 1943.



### Haugland

Gnr. 125, bnr. 16. P.adr. Uskedalen. Tlf. 57 b.

Sk.mk. 1,04. D. jord 20 da (sandbl. mold), anna jbr. areal 18 da, utm. 400 da. – Våningshus bygt 1921, gml. lœ og fjøs. – 1 hest, 4 kyr, 2 ungdyr, 14 sauher. – Far til eigaren kjøpte garden ikr. 1900 av Henrik Haugland. Eigaren tok over 1935 etter faren.


Eigar: Johs. Fjellhaugen f. 1906 – son av Johs. Fjellhaugen og Margrethe f. Musland – g. 1946 m. Ingeborg Haugland.

## Havnelid

Gnr. 114, bnr. 2. P.adr. Snilstveitøy.

Sk.mk. 0,50. D. jord 5 da (mold), anna jbr. areal 11 da, utm. 25 da. – Våningshus og løe bygde 1874, grisehus. Brt. kr. 20 000. – 2 kyr, 1 gris, 2 sauher, 6 høns. – Ætta har brukte garden fra 1874. Eigaren tok over 1957 etter far sin og kjøpte då garden fra Rosendal gods.

Eigar: Hans Havnelid f. 1914 – son av Andreas Kalven og Anna f. Eidsvik – g. 1948 m. Else Marie Langballe. Born: Rigmor f. 1949, Arne 1951, Oskar 1952.




## Havnerås

Gnr. 41, bnr. 1. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 2,59. D. jord 38 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 2 da, prod. skog 200 da, anna utm. 300 da. – Våningshus bygt 1762, vølt og påb. 1903, løe og fjøs bygget 1957, stabbur, smie, skytje. – 1 hest, 6 kyr, 3 ungdyr. – Bestefar til eigaren, Mons Hjortland, kjøpte garden 1891 av Kristi Havnerås. Eigaren tok over 1961 etter far sin.

Eigar: Alfred Havnerås f. 1925, son av Knut Havnerås og Magnhild f. Eikeland.




## Havnerås

Gnr. 41, bnr. 4. P.adr. Hatlestrand. Tlf. 13 b.

Sk.mk. 2,38. D. jord 35 da (forvitlingsjord), anna jbr.-areal 10 da, prod. skog 50 da, anna utm. 200 da. – Våningshus byggt ikr. 1850, løe, stabbur, skytje, eldhus, naust. Brt. kr. 30 500. – 1 hest, 5 kyr, 3 ungdyr, 1 gris. – Far til eigaren kjøpte garden 1931 av Ingemar Havnerås. Eigaren tok over 1958 etter faren.

Eigar: Harald Bondhus f. 1935, son av Ole Bondhus og Kristina f. Flatebø.




## Havnerås (Framnes)

Gnr. 41, bnr. 6. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 1,10. D. jord 16 da (forvitlingsjord), prod. skog 150 da. – Våningshus byggt ikr. 1880, løe, verkstad, eldhus, naust. Brt. kr. 43 000. – 3 kyr, 2 ungdyr, 2 grisar. – Garden har vore i ætta fra 1900, då verfar til eigaren, Brynjulf Havnerås, kjøpte han av Odd Havnerås. Eigaren tok over 1954 då mannen hennar døydde. Nydyrka 8 dekar. Skogplanting.

Eigar: Ragnhild Havnerås f. 1898 – dotter av Lars Eikeland og Brita Elisabet f. Eikeland – g. 1933 m. Anders Havnerås. Born: Marta f. 1933, Brita 1935, Birger 1937, Lilly 1938, Lars 1939, Audhild 1942.






### Heimdal

Gnr. 112, bnr. 16. P.adr. Dimmelsvik. Tlf. 70.

Sk.mk. 1,63. D. jord 38 da (mold), anna jbr. areal 12 da, prod. skog 10 da. – Våningshus og løe bygde 1902, skytje 1934, hønsehus. Brt. kr. 70 000. – 1 hest, 6 kyr, 1 ukse, 2 ungdyr, 4 grisar, 8 sauher, 80 høns. – Garden har vore i ætta frå 1901, då Hans Snilstveit kjøpte han. Eigaren tok over 1930 etter farsystera, Marie Lothe. Eigaren har nydyrka 20 dekar.

Eigar: Martin Naterstad f. 1909 – son av Johannes Naterstad og Kari f. Aakre – g. 1931 m. Anna Skarvatun.

Born: Marie f. 1934, Kari 1936, Johannes 1939.



### Helland

Gnr. 142, bnr. 1. P.adr. Husnes. Tlf. Sunde 126.

Sk.mk. 2,10. D. jord 30 da (sandbl. mold), anna jbr. areal 15 da, prod. skog 250 da. – Våningshus bygt 1835, løe og fjøs 1933, uthus. Brt. kr. 105 000. – 1 hest, 4 kyr, 2 ungdyr, 2 grisar, 1 sau, 3 høns. – Ætta har vore på garden frå 1808, då tippoldefar til eigaren, Bertel Helland, bygsla han. Garden vart kjøpt frå kyrkjegodset ikr. 1840. Eigaren tok over garden 1962 etter far sin.

Eigar: Halldor Helland f. 1919 – son av Bertel Helland og Anna f. Boksnes – g. 1957 m. Signy Handeland. Born: Anne Marie f. 1957, Harald 1959, Halldor 1961.



### Helland

Gnr. 142, bnr. 2. P.adr. Husnes.

Sk.mk. 4,30. D. jord 80 da (sandbl. mold), anna jbr. areal 50 da, prod. skog 1000 da, anna utm. om lag 1000 da. – Våningshus bygt 1840, løe og fjøs 1874, omb. 1955, gml. uthus. Brt. kr. 100 000. – 1 hest, 10 kyr, 8 ungdyr, 10 grisar, 30 sauher, 15 høns. – Ætta har vore på garden i 5 leder frå 1808. Garden vart kjøpt ikr. 1840 frå kyrkjegodset. Eigaren tok over 1940 etter far sin.

Eigar: Erling Helland f. 1910 – son av Johannes Helland og Alice f. Torsen – g. 1950 m. Sigrun Olsen. Born: Elsa f. 1951, Johannes 1952, Karen Alice 1956.



### Helland

Gnr. 142, bnr. 7. P.adr. Husnes.

Sk.mk. 2,14. D. jord 35 da (sandbl. mold), prod. skog 200 da, anna utm. 600 da. – Våningshus bygt 1935, løe, fjøs og uthus bygde 1860. Brt. kr. 45 000. – 1 hest, 4 kyr, 3 ungdyr, 2 grisar, 26 sauher. – Oldefar til eigaren, stortingsmann Halldor P. Helland, kjøpte garden ikr. 1849 frå kyrkjegodset. Eigaren tok over 1921 etter far sin.


Eigar: Gunnar Helland f. 1886 – son av Halldor B. Helland og Kristi f. Eikeland – g. 1928 m. Jenny Fosse. Born: Olav f. 1929, Halldor 1932, Malvin 1935, Gunnar 1938, Else Karin 1940, Kåre 1945.

## Helle

Gnr. 72, bnr. 1. P.adr. Løfallstrand. Tlf. Rosendal 95.

Sk.mk. 2,01. D. jord 25 da (blandingsjord), anna jbr.-areal 20 da, utm. 500 da. – Våningshus bygt 1901, lœ og fjøs ikr. 1850, skytje, smie. Brt. kr. 52 000. – 1 hest, 4 kyr, 10 sauher, 6 høns. – Ætta har brukt garden ikr. 200 år. Eigaren tok over 1932 etter far sin og kjøpte garden same år fra Rosendal gods.

Eigar: Arne Helle f. 1896 – son av Anders T. Helle og Malene f. Fureberg – g. 1919 m. Brit-Anna Geitebu. Born: Gunnar f. 1920, Halldis 1922, Magda 1927, Anders 1929, Torbjørn 1931, Annbjørg 1932, Marit 1934, Morten 1936, Herborg 1939. – Eigaren driv leigekøyring med lastebil og har drosjeløyve.




## Helvik

Gnr. 139, bnr. 1. P.adr. Herøysundet. Tlf. Uskedalen 135.

Sk.mk. 1,87. D. jord 35 da (morenejord), anna jbr.-areal 10 da, utm. 100 da. – Våningshus bygde 1953 og 1867, lœ og fjøs bygt 1897, eldhus ikr. 1860, stabbur, vedhus, naust. Brt. kr. 150 000. – 9 ungdyr, 6 sauher, 14 høns. – Garden har vore i ætta fra ikr. 1840, då Samson Richardsen Helvik åtte han. Eigaren tok over 1923 etter bestefar sin, Samson S. Helvik.

Eigar: Lars Storaas f. 1913 – son av Torstein Storaas og Sofie f. Helvik – g. 1958 m. Beryl Bithell. – Eigaren er kaptein i handelsflåten.




## Helvik

Gnr. 139, bnr. 2. P.adr. Herøysundet. Tlf. Uskedalen 133.

Sk.mk. 1,72. D. jord 30 da (mold), prod. skog 80 da. – Våningshus bygt 1909, lœ 1885, reiskapshus, naust. Brt. kr. 99 000. – 4 kyr, 6 høns. – Verfar til eigaren, Hans Nerhus, kjøpte garden 1881 av Ole Sau. Eigaren tok over 1921 etter verfaren.

Eigar: Ole Meidell Klette f. 1891 – son av Rasmus Klette og Anna f. Onarheim – g. 1916 m. Anna Nerhus. Born: Ragnar f. 1917, Kristbjørg 1919. – Eigaren har vore skipskaptein i handelsflåten.



## Helvik

Gnr. 139, bnr. 3, 7 og 28. P.adr. Herøysundet.

Sk.mk. 2,33. D. jord 34 da (sandbl. mold og myrjord), anna jbr. areal 6 da, prod. skog 30 da, anna utm. 60 da. – Våningshus, eitt bygt 1872, eitt 1916, lœ 1932, skytje 1937, sjøhus. – Beiterett. Fiskerett. – 1 hest 5 kyr, 1 gris, 4 sauher. – Garden har vore i ætta fra 1870, då Osmund Helvik kjøpte han av Nils Vintertun. Eigaren tok over 1956 etter far sin. Nydyrking.

Eigar: Ernst Vang Helvik f. 1919, son av Samson Helvik og Marta f. Mehl.





### Helvik

Gnr. 139, bnr. 4. P.adr. Herøysundet. Tlf. Uskedalen 132.

Sk.mk. 1,05. D. jord 35 da (sandbl. mold), prod. skog 75 da, anna utm. 300 da. – Våningshus bygt 1910, lœ 1909, eldhus. Brt. kr. 81 000. – 1 hest, 6 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 6 sauher, 10 høns. – Far til eigaren kjøpte garden 1883 av Arne Skeie. Eigaren tok over 1922 etter faren. Nydyrka 14 dekar.

Eigar: Jakob Torkelsen f. 1882 – son av Torkel M. Ljostveit og Brita f. Ljostveit – g. 1. g. 1913 m. Elisabet Berge. Born: Theodor f. 1917, Leonhard 1918, Bernhard 1919 (d. 1920). G. 2. g. 1922 m. Johanna Helvik. Barn: Sigfred f. 1926 (d. 1942).



### Helvik (Stølen)

Gnr. 139, bnr. 6. P.adr. Herøysundet.

Sk.mk. 1,27. D. jord 25 da (morenejord), anna jbr.-areal 15 da, utm. 50 da. – Våningshus bygt 1908, lœ og fjøs 1908, eldhus, vedhus. Brt. kr. 40 000. – 1 hest, 2 kyr, 1 ukse, 4 sauher, 2 høns. – Garden har vore i ætta frå 1878 då bestefar til eigaren, Lars Gjerde, kjøpte han. Eigaren tok over 1937 etter far sin.

Eigar: Leif Helvik f. 1908, son av Hans Helvik og Anna f. Bringedal.



### Helvik (Elverom)

Gnr. 139, bnr. 14. P.adr. Herøysundet.

Tlf. Uskedalen 106 b.

Sk.mk. 0,72. D. jord 30 da (morenejord), anna jbr.-areal 15 da, prod. skog 50 da. – Våningshus bygt 1896, påb. 1956, lœ bygt 1930, skytje. Brt. kr. 63 000. – 3 kyr, 2 ungdyr, 2 grisar, 100 høns. – Peder Bakke kjøpte garden 1927 av Margrethe Helvik. Eigaren tok over 1956 etter morbror til kona, Peder Bakke.

Eigar: John Harkestad f. 1920 – son av Johannes J. Harkestad og Ingeborg Monsdtr. Harkestad – g. 1945 m. Gerda Bakke. Born: Britt f. 1946, Inge Johan 1948, Aslak 1953.



### Helvik (Øyjord)

Gnr. 139, bnr. 16. P.adr. Herøysundet.

Sk.mk. 0,27. D. jord 10 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 8 da. – Våningshus og lœ bygde ikr. 1860, eldhus. Brt. kr. 40 000. – 2 kyr, 1 ungdyr. – Bestefar til eigaren, Peder Kristoffersen, kjøpte garden 1900 av Herborg Eidsvik. Eigaren tok over 1938. – Veksthus. Grønsakdyrking.

Eigar: Peder Torkelsen – son av Einar Torkelsen og Dorthea f. Kristoffersen – g. m. Målfrid Nes. Born: Torhild f. 1948, Marit 1953, Egil 1956.


## Helvik (Storemyr)

Gnr. 139, bnr. 29. P.adr. Herøysundet.  
Tlf. Uskedalen 136.

Sk.mk. 1,24. D. jord 22 da (mold, myr- og sandjord), prod. skog 60 da. – Våningshus og løe bygde 1937. Brt. kr. 40 000. – 5 kyr, 3 ungdyr, 50 høns. – Eigaren kjøpte garden 1950 av Sten Nerhus. – Hagebruk.

Eigar: Leif Eikeseth.

Bruk: Olga Handeland f. 1922 – dotter av Nils Eikeseth og Bertha f. Nigardsøy – g. 1957 m. Hjalmar Handeland.



## Hesvik

Gnr. 45, bnr. 1. P.adr. Ænes. Tlf. Årsand 4 a.

Sk.mk. 3,43. D. jord 20 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 10 da, prod. skog 300 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt 1931, løe 1929, eldhus og skytje 1932, naust 1934. Hesvik sæter. Brt. kr. 75 000. – 1 hest, 5 kyr, 1 ukse, 2 ungdyr, 1 gris, 20 sauher. – Ætta har brukt garfrå 1760. Far til eigaren kjøpte han 1948 frå Rosendal gods. Eigaren tok over 1959 etter faren. Nydyrka 18 dekar.

Eigar: Anna Hesvik Mehus f. 1914 – dotter av Samson Hesvik og Kristi f. Bjørke – g. 1950 m. Olav Mehus.



## Hjelmeland

Gnr. 100, bnr. 1. P.adr. Dimmelsvik. Tlf. 53.

Sk.mk. 3,68. D. jord 47 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 20 da, prod. skog 100 da, anna utm. 140 da. – Våningshus bygt 1930, løe 1950, reiskapshus. Brt. kr. 107 500. – 1 hest, 6 kyr, 7 ungdyr, 5 grisar, 9 sauher, 15 høns. – Ættagard frå ikr. 1700. Eigaren tok over 1957 etter mannen, Johannes S. Hjelmeland. Nydyrkning. Plantefelt for lerketre 20 dekar.

Eigar: Sara Hjelmeland f. 1920 – dotter av Johannes Skeie og Sara f. Aga – g. 1940 m. Johannes Hjelmeland. Born: Anna Ingeborg f. 1942, Sigrun 1945, Synnøve 1948, Svein 1952.



## Hjelmeland (Heio)

Gnr. 100, bnr. 2. P.adr. Dimmelsvik. Tlf. 51.

Sk.mk. 1,20. D. jord 32 da (morenejord), anna jbr.-areal 27 da, utm. 6 da. – Våningshus bygt 1919, løe 1911, verkstad, garasje. Brt. kr. 95 000. – 6 kyr, 2 ungdyr, 6 grisar, 25 høns. – Ætta har brukt garden i 5 leder. Eigaren kjøpte han 1948 frå Rosendal gods. Plantefelt 15 dekar.

Eigar: Olav O. Hjelmeland f. 1918 – son av Ola Hjelmeland og Kristi Larsdtr. f. Mehl – g. 1950 m. Margrete Storækre. Born: Olav Karstein f. 1951, Per Harald 1954, Oddrun 1956. – Olav Hjelmeland eig og gnr. 100, bnr. 12 og 6 saman med Martin Hjelmeland.





### Hjelmeland

Gnr. 100, bnr. 3. P.adr. Dimmelsvik.

Sk.mk. 2,28. D. jord 35 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 20 da, prod. skog 50 da, anna utm. 50 da. – Våningshus og løe bygde ikr. 1900, verkstad, eldhus. Brt. kr. 11 000. – 1 hest, 8 kyr, 2 ungdyr, 2 grisar, 12 sauher, 10 høns. – Ætta har brukt garden frå 1700-talet. Brukaren tok over 1940 etter far sin. Granplantefelt 25 dekar.

Bruk: Hans J. Hjelmeland f. 1909, son av Jens Hjelmeland og Marianna f. Rabben.



### Hjelmeland (Ognhaugen)

Gnr. 100, bnr. 5. P.adr. Dimmelsvik.

Sk.mk. 0,76. D. jord 25 da (mold, leir- og grusjord), anna jbr. areal 12 da, prod. skog 10 da. – Våningshus, eitt bygt 1880, eitt 1952, løe 1880. Brt. kr. 85 000. – 1 hest, 4 kyr, 3 grisar. – Bestefar til eigaren, Nils Kristoffersen, kjøpte garden 1879 av Jens H. Hjelmeland. Eigaren tok over 1950 etter far sin. Nydyrka 5 dekar. Plantefelt 10 dekar.

Eigar: Anton Hjelmeland f. 1920 – son av Kristoffer Hjelmeland og Margrete f. Snilstveit – g. 1951 m. Ragna Langballe. Born: Randi Margrete f. 1952, Nils 1955, Odd 1957.



### Hjelmeland

Gnr. 100, bnr. 7. P.adr. Dimmelsvik. Tlf. 49 b.

Sk.mk. 2,05. D. jord 45 da (morenejord), anna jbr.-areal 30 da, prod. skog 10 da. – Våningshus bygt 1882, løe 1923, hønsehus 1949, eldhus. Brt. kr. 90 000. – 1 hest, 9 kyr, 1 ukse, 2 ungdyr, 4 grisar. – Ættagard frå 1712 då Olav Johannesen bygsla bruket. Eigaren tok over 1956 etter far sin. Nydyrka om lag 20 dekar sidan 1922. Plantefelt 40 dekar.

Eigar: Arne Mehl f. 1925 – son av Johan L. Mehl og Anna f. Hjelmeland – g. 1956 m. Kristine Ripel. Barn: Jostein f. 1957.



### Hjelmeland

Gnr. 100, bnr. 9. P.adr. Dimmelsvik. Tlf. 54.

Sk.mk. 1,14. D. jord 60 da (morenejord), anna jbr.-areal 3 da, utm. 50 da. – Våningshus og løe bygde ikr. 1900, skytje. Brt. kr. 70 000. – 1 hest, 7 kyr, 6 ungdyr, 2 grisar, 9 sauher, 20 høns. – Far til eigaren rødde garden i 1890-åra. Eigaren tok over 1958 etter broren, Jens J. Hjelmeland. Plantefelt 10 dekar.

Eigar: Johannes Jonsen Hjelmeland f. 1903 – son av Jon Hjelmeland og Marta f. Guddal – g. 1935 m. Anna Raunholm. Born: Marta f. 1936, Solveig 1937, Klara 1938, Judit 1941, Harald 1944.

### Hjelmeland (Heio)

Gnr. 100, bnr. 10. P.adr. Dimmelsvik. Tlf. 51 b.

Sk.mk. 1,17. D. jord 40 da (morenjord), anna jbr.-areal 30 da, prod. skog 25 da. – Våningshus bygt 1940, lœ 1959, garasje og vedhus 1954. Brt. kr. 105 000. – 5 kyr, 4 ungdyr, 3 grisar, 9 sauher, 25 høns. – Åttegård frå ikr. 1800. Eigaren tok over 1945 etter morbroren, Johan P. Hjelmeland. Plantefelt 30 dekar.

Eigar: Andreas Hjelmeland f. 1914 – son av Johannes Hjelmeland og Anne Marta f. Hjelmeland – g. 1939 m. Marta Naterstad. Born: Arne f. 1940, Johannes 1941, Knut 1944, Berit 1947, Margot 1949, Aud 1951, Sigmund 1954.




### Hjelmeland (Nigard)

Gnr. 100, bnr. 11. P.adr. Dimmelsvik.

Sk.mk. 3,41. D. jord 50 da (mold og morenjord), anna jbr. areal 210 da, prod. skog 5 da. Brt. kr. 68 000. – 1 hest, 8 kyr, 8 ungdyr, 5 grisar, 13 sauher, 25 høns. – Eigaren kjøpte garden 1961 av Reidar Hjelmeland.

Eigar: Nils Seberg f. 1922 – son av Nils L. Seberg og Kaia Johs.dtr. f. Fausk – g. 1946 m. Astrid Fjellkårsdæ. Born: Kjersti f. 1946, John 1951, Norun 1953.



### Hjelmeland

Gnr. 100, bnr. 12 og 6. P.adr. Dimmelsvik.

Sk.mk. 1,73. D. jord 35 da (morenjord), anna jbr.-areal 20 da, prod. skog 10 da, anna utm. 40 da. – Våningshus bygt 1908, lœ 1911. Brt. kr. 90 000. – 1 hest, 5 kyr, 2 ungdyr, 2 grisar, 5 sauher, 20 høns. – Garden har vore i ætta frå 1904, då Knut Mehl kjøpte han av Anders Haugland. Eigarane kjøpte garden 1958 av broren, Lars Hjelmeland. Plantefelt.

Eigarar: Martin og Olav Hjelmeland.




### Hjelmeland (Brekke)

Gnr. 100, bnr. 13. P.adr. Dimmelsvik. Tlf. 49 a.

Sk.mk. 1,32. D. jord 50 da (sandbl. mold), anna jbr.-areal 35 da, prod. skog 10 da. – Våningshus bygt 1897, omb. 1958, lœ bygt 1897, fjøs 1947, hønsehus 1946, skytje 1952. Brt. kr. 100 000. – Garden har vore i ætta frå 1916, då morbror til eigaren, Johannes Mehl, kjøpte han av Ole Svelland. Eigaren tok over 1947 etter verfaren, Godtskalk Storækre. Eigaren har nydyrka 15 dekar. Plantefelt 25 dekar.

Eigar: Martin Hjelmeland f. 1912 – son av Ola Hjelmeland og Kristi Larsdtr. f. Mehl – g. 1937 m. Anna Storækre. Born: Gudrun f. 1939, Marta 1943, Olav 1950, Reidun 1951. – Eigaren eig og gnr. 100, bnr. 12 og 6 saman med Olav Hjelmeland.






### Hjelmeland (Myro)

Gnr. 100, bnr. 14 og 15. P.adr. Dimmelsvik.

Sk.mk. 0,80. D. jord 17 da (morenejord), anna jbr.-areal 4 da, prod. skog 15 da, anna utm. 30 da. – Våningshus bygt 1887, løe 1922, eldhus 1936. Brt. kr. 42 000. – 3 kyr, 1 ungdyr, 1 gris, 40 høns. – Ætta har brukt garden i 3 leder. Eigaren tok over 1932 etter far sin og kjøpte då garden fra Rosendal gods.

Eigar: Johannes J. Hjelmeland f. 1908, son av Johannes G. Hjelmeland og Anne Marta f. Hjelmeland.



### Hjortland

Gnr. 30, bnr. 1. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 3,77. D. jord 25 da (mold og myrjord), anna jbr.-areal 30 da, prod. skog 300 da, anna utm. 200 da. – Våningshus bygt ikr. 1700, løe 1921. Brt. kr. 36 000. – 1 hest, 6 kyr, 2 ungdyr, 1 gris, 10 høns. – Eigaren tok over garden 1942 etter far sin.

Eigar: Hans Hjortland f. 1924 – son av Helge Hjortland og Elisabeth Marie f. Ask – g. 1947 m. Tordis Prestegaard. Born: Helge Audun f. 1947, Eldfrid 1950.



### Hjortland

Gnr. 30, bnr. 2. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 3,49. D. jord 45 da (forvitringsjord), anna jbr.-areal 25 da, prod. skog 300 da, anna utm. 600 da. – Våningshus bygt ikr. 1825, omb. 1900, løe bygt 1946, eldhus, skytje m. arbeidshus, naust. Brt. kr. 40 000. – 1 hest, 6 kyr, 4 ungdyr, 3 grisar. – Ættegard fra 1858, då Samson Torgilstveit kjøpte han av Johannes Leirstein. Eigaren tok over 1940 etter far sin. Nydyrka 5 dekar. Skogplantefelt 50 dekar. – Fruktdyrking. Sagbruk.

Eigar: Nils Hjortland f. 1918 – son av Samson Hjortland og Kristine f. Gothe – g. 1940 m. Marta Stolen. Born: Solveig f. 1941, Magnhild 1942, Alice 1944, Liv 1947, Samson 1953.



### Hjortland (Underhaug)

Gnr. 30, bnr. 4. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 0,25. D. jord 10 da (myr- og forvitringsjord), anna jbr.-areal 22 da, utm. 13 da. – Våningshus bygt 1908, løe 1938, verkstad 1948. Brt. kr. 19 000. – 2 kyr, 1 gris. – Far til eigaren kjøpte garden 1909 av Hans Hjortland. Eigaren tok over 1946 etter faren. Nydyrking.

Eigar: Johannes J. Ask f. 1920 – son av Jon Askild Ask og Anna f. Hjortland – g. 1940 m. Magda Eide. Born: Anne Karin f. 1943, Inger Johanne 1946, Oddlaug 1948. – Eigaren er bygningssnikkar.

## Hjortås

Gnr. 31, bnr. 1. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 1,60. D. jord 25 da (morenejord), anna jbr.-areal 25 da, prod. skog 100 da. - Våningshus bygt 1914, omb. 1934, lœ bygt 1881, omb. 1908. Brt. kr. 80 000. - Beiterett i fjellet. - 1 hest, 2 kyr, 1 ungdyr, 2 grisar, 30 høns. - Far til eigaren kjøpte garden 1904 av Lars Håheim. Eigaren tok over 1928 etter mor si. - Hatlestrand kyrkje står på egedomen. Nedbørstasjon på garden fra 1944.

Eigar: Odd Netland f. 1891 - son av Arne O. Netland og Sigrid f. Nesthus - g. 1918 m. Jørna Hauge. Born: Arne f. 1919, Karin 1922 (d. 1931), Sigvald 1924, Inga 1926. - Eigaren er lærar og har ymse tillitsyrke.



## Hjortås

Gnr. 31, bnr. 2. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 2,45. D. jord 20 da (blandingsjord), anna jbr.-areal 20 da, prod. skog 50 da, anna utm. 100 da. - Våningshus bygt 1919, lœ og fjøs 1864, stabbur 1906, vedhus, eldhús. Brt. kr. 12 000. - 1 hest, 7 kyr, 2 ungdyr, 1 gris. - Garden har vore i ætta frå ikr. 1640, då Laurids Davidson Maxwell åtte han. Eigaren tok over 1961 etter far sin. - Namnetrekket til Laurids D. Maxwell og årsstalet 1642 er rissa inn i ein bjelke som enno finst på garden.

Eigar: Jon Hjortås f. 1899 - son av Johan Hjortås og Anna f. Tveit - g. 1940 m. Anna Hjortland. Born: Johan Andreas f. 1942, Kjellfrid Solveig 1948.




## Hjortås (Solbakken)

Gnr. 31, bnr. 4. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 0,14. D. jord 12 da (forvitlingsjord), prod. skog 75 da. - Våningshus bygt 1901, lœ. Brt. kr. 25 000. - 2 kyr, 1 ungdyr, 1 gris. - Garden har vore i ætta frå 1901, då Johannes Solbakken kjøpte han av Lars Håheim. Eigaren tok over 1955 etter verfarene, Oskar Rasmussen. Nydyrkning.

Eigar: Otto Grimsdal f. 1931 - son av Sjur Grimsdal og Ragnhild f. Brekke - g. 1952 m. Ruth Rasmussen. Born: Reidun f. 1954, Jorun 1955, Steinar 1957.




## Hjortås (Hjorthaug)

Gnr. 31, bnr. 10. P.adr. Hatlestrand.

Sk.mk. 0,77. D. jord 7 da (forvitlingsjord), anna jbr.-areal 11 da, utm. 60 da. - Våningshus, eitt gml., eitt bygt 1949, lœ 1914, part i naust. Brt. kr. 52 000. - 2 kyr, 1 ungdyr, 2 grisar. - Far til eigaren kjøpte garden 1912 av Sigrid Netland. Eigaren tok over 1941 etter faren. Nydyrka 3 dekar.

Eigar: Olav Hjorthaug f. 1914 - son av Johannes Hjorthaug og Henrikke f. Havnerås - g. 1951 m. Marta Meidell. Born: Johannes f. 1952, Svein 1955.





## Husa

Gnr. 12, bnr. 1. P.adr. Ølve.

